



Utfordrar tidlegare tiders fokus på det stadfaste

Jan Ketil Simonsen, Kjersti Larsen, Ada I. Engebrigtsen (Red.)

Movement and Connectivity. Configurations of Belonging.

ISBN 978-178707 552-8, Oxford: Peter Lang Publishing Group. 2018.

Leif Manger

Professor, Institutt for sosialantropologi, Universitetet i Bergen

Leif.Manger@uib.no

Leif Manger er professor ved Institutt for sosialantropologi ved Universitetet i Bergen. Manger har i mange tiår vore involvert i «Sudanforskninga» i Bergen. I ulike periodar har han også hatt antropologisk retta prosjekt i Etiopia og Uganda, i Jemen og Det indiske hav, i Palestina, Sentral Asia og Kina. Ein viktig del av Manger sitt arbeid har vore i form av kompetansebygging innan undervisning og forskning, ofte i form av samarbeidsprosjekt med ulike universitet i dei land og regionar der han har engasjert seg.

Dette er ei interessant bok, og redaktørane let ikkje lesaren vente lenge for å få vite kva tematikken er. Dei går rett på sak. Dette er ei bok om mobilitet, som skal utfordre tidlegare tiders fokus på det stadfaste, der mobilitet vert sett på som unormalt, og som skal utfordre forståelsar i litteraturen om det transnasjonale, om diaspora og andre omgrep som lett fører til meir statiske dikotomiar som heime-ute, før-no, og mest av alt, mellom det stadfaste og det mobile. Samstundes må mobilitet sjåast på historisk. Ikkje nødvendigvis gjennom opphald i dei historiske arkiv, men meir gjennom antropologane sine opphald i felten og enno meir, gjennom langvarige relasjonar til sine spesifikke feltområder, som betyr eit «long durée»-fokus på dei menneska antropologen møter i felten, og deira relasjonar til kvarandre, til staden dei lever og til den mobiliteten dei er involverte i. Så sosialitet, identitet, idear og paksisar er sentrale i å forstå mobilitet, men då sett gjennom folk sine egne auger, si eiga erfaring og sine egne minner og forståelsar av den historia dei lever i, men ikkje berre det. Det heile må kontekstualiserast, rammast inn av ulike prosessar på ulike skalanivå, der regionale, nasjonale og internasjonale og globale prosessar verkar attende på mobiliteten. Ikkje som generelle kontekstar, men som integreert del av den menneskelege tilpasninga, som gjer at det grunnleggande perspektivet er på «mobility from below», og

for å fange denne kompleksiteten vert Glick-Schiller og Salazar sitt forslag om å bruke «regimes of mobility» gjort til eit sentralt svar på denne utfordringa.

Så – dette er i korte drag det denne lesaren får ut av metabudskapet i boka. Alle drøfter ulike former for mobilitet, dei er alle historiske i sitt tilsnitt, gjennom forfatarane sine langvarige relasjonar til feltområda, og dei illustrerer alle i ulik grad det som er bokas sentrale tema, der dei i sum gjev grunnlag for interessante komparative refleksjonar. Her kan berre antydast kva artiklane omhandlar, i håp om at mange framtidige lesarar vil la seg inspirere på same måte som denne lesaren.

Øyvind Fuglerud gjev oss ei interessant analyse av sosial transformasjon og utvikling blant tamilar i Noreg. Eit hovudargument i artikkelen er korleis ein skal forstå tamilane sin noverande posisjon som «ideelle» innvandrarakar med høg grad av integrasjon i deira nye heimland. For å forstå dette er det viktig å sjå på korleis den historiske relasjonen mellom diaspora og heimland har utvikla seg. Den er mellom anna knytt til det faktum at det var menneske frå same høgkastesamfunn som migrerte frå Sri Lanka og som hadde former for økonomisk og sosial kapital som skapte tilpasningsdyktigheit i diaspora. Det var ungdommen frå desse privilegerte kastane som drog til Noreg for å unngå å verte fanga inn av borgarkrigen og LTTE. Frå diaspora kunne dei «delta» gjennom økonomisk støtte, men utan fysisk å vere fanga av borgarkrigens valdelege dynamikk. Det måtte medlemmer av lågkastesamfunna ta seg av. Dei kunne ikkje flykte og vart fanga i LTTE sin kamp mot staten. Generelt og interessant kaller Fuglerud dette for ei ny form for «arbeidsdeling», der lågkastane framleis kjempa for høgkastane, ikkje lengre lokalt som arbeidarar på jorda, men globalt, som kanonføde i ein kamp driven fram og gjort mogeleg gjennom ressursar frå høgkastane i diaspora. Men det artikkelen viser er at det som i Noreg framstår som vellukka integrering, har vakse fram gjennom prosessar der diasporarelasjonen til heimlandet har produsert ein sosial kapital blant tamilane som nok ville vore omstridte i ein norsk innvandringsdebatt om dei faktorane Fuglerud dreg fram hadde vore meir framme i debatten – historisk ulikheit og vald, utbytting og marginalisering, der det er vinnarane i denne historia som no er modell for vellukka integrering i Noreg.

Ada I. Engebriksen skriv interessant om romagrupper i Noreg, både dei som kjem frå Romania som del av EU sine reglar om fri flyt av kapital, menneske og arbeidskraft, og dei «norske», som me kjenner som sigøynarar. Engebriksen er inspirert av Deleuze og Guattari samt de Certeau. For Deleuze og Guattari er det deira stat-nomade begrep som vert drege fram. Engebriksen viser at romafolket sin motstand mot det bufaste og dei statlege integreringstiltaka er ein nødvendighet for å reprodusere sin eigen kultur. Når Engebriksen ser til de Certeau så er det for å bruke hans begrepspar «strategi» og «taktikk», der dei bufaste har strategi og dei nomadiske taktikk. Det er storsamfunnet sitt mål å få romaborna i norsk skule, og dei ser ut til å akseptere det, men der ein også ser at dei tar borna ut av skulen etter ei tid for å halde fram med sin mobilitet. Altså handlar det om ein reaksjon på storsamfunnet si forståing av integrering. For roma frå Romania så er det tiging som framstår som problematisk, saman med dei primitive buforholda. EU sin politikk stenger for ein enkel retur av roma attende til Romania og det opnar for ulike midlertidige taktiske løysingar for opphaldet i Noreg, for eksempel ved å kome inn i landet som «turist» eller ved å vedlikehalde relasjonar med spesielle personar i restaurantar, for å bruke toalett.

I første tilfelle er dei ein utfordring for vår forståing av grenser, i det andre er det ei utfordring av korleis ein oppfører seg i det offentlege rom.

Kjersti Larsen er på Zanzibar og i Det indiske hav der ei historie av mobilitet over havet har skapt relasjonar og knytt samfunn og menneske saman, men Larsen bringer oss inn i dagens realiteter der dei historiske elementa vert viktige kontekstar for korleis dei opplever seg sjølve og sine liv på Zanzibar. Artikkelen dreg fram den valdelege revolusjonen på Zanzibar i 1964 der det vart starta ein prosess med afrikanisering, der ikkje-afrikanarane vart uønska. Dei misste etter kvart arbeidet i statsadministrasjonen og retten til å drive handel. Likevel fortsatte det plurale samfunnet å eksistere på Zanzibar. For å vise korleis dette speiler seg ut i lokalt liv, ser Larsen på to hushald, eg viser til det eine. Det første hushaldet har personar av indisk avstamming, med historiske relasjonar til Gujarat. For å avhjelpe dei problema revolusjonen førte med seg på 70-talet, drog to søner illegalt til Hellas, og ei dotter reiste til Pakistan. Sønene fann arbeid på greske skip og kunne sende pengar heim. Etter ti år kunne dei returnere til Zanzibar og investere i sin familiebusiness der. Dottera drog til Pakistan med sin mann, og dei kom attende til Zanzibar etter 15 år. Etter returen vart dei skilt. Kvinna gifta seg igjen, med ein mann som budde utanfor Zanzibar, og ho reiste til han. Larsen bruker dette eksemplet for å vise både dei kjønnsbaserte strukturane i reisinga, men også at der er historisk baserte slektsrelasjonar rundt om i regionen som kan utnyttast og som gjer at mobiliteten i Det indiske hav held fram.

Jennifer Hays and Velina Ninkova sin artikkel er om ju/'hoansi, som tilhøyrrer San-folket i Namibia. Dei er tradisjonelt nomadiske jegerar og sankarar, innanfor eit territorium som historisk sett var deira, og der dei reproduserte ein egalitær sosial struktur, men i dei to samfunna er der forskjellar, der den eine gruppa, nyae nyae er aleine innan sitt område, mens den andre, omaheke, har hatt kontakt med kvite bønder. I 1990 fekk Namibia sin uavhengigheit, men det førte til yttarlegare marginalisering av dette folket. Nyae nyae vart skubba vekk. Som respons drog dei til byane, men i 1998 vart området omgjort til Nature Conservancy og seinare Community Forest der dei fekk betre tilgang til land, vilt og planteressursar, men dei vart samstundes pressa av folk med kveg som kom inn i området på leit etter beite. Omaheke hadde ei historie som slavearbeidarar for kvite bønder, men desse forlot området ved uavhengigheita, noko som gjorde Omaheke arbeidslause i sine heimeområde og dei måtte migrere til byane. Begge gruppene er underlagt statlege utviklingsstrategiar der målet er å få dei meir bufaste og å få dei involvert i alternative økonomiske aktivitetar, som fører til auka ulikheit som kolliderer med den lokale egalitære kulturen. Denne typen småsamfunn kan ikkje forståast berre gjennom si tilpasning til naturen, men ein må ta inn aktivitetar frå andre sektorar. Gjennom eit slikt holistisk perspektiv ser ein korleis mobilitet skaper komplekse sosio-økonomiske og sosio-kulturelle endringsprosessar.

Arne Aleksej Perminow skriv ifrå Tonga, med hovedvekt på det lokale, men med klare linjer til migrasjon og til korleis den lokale konteksten spelar inn i mobilitetsstrategiar og er viktig for å vedlikehalde relasjonen mellom dei som er heime og dei som drar. Det er ein historisk polynesisk tradisjon for vandringar i båt over Stillehavet. I dei siste femti åra er det særleg vandringar til New Zealand å sjå, der arbeidsvandrarar frå Tonga tener pengar som vert sendt heim. Det er i denne konteksten at forfattaren bruker sin forståelse av lokalsamfunn på Tonga til å sjå korleis relasjonen mellom heimesamfunna og diasporasamfunna kan vedlikehaldast. Eit grunnleggande prinsipp frå Tonga er «tauhi vaha'a» som har

å gjere med «nurturing» og «feeding» om mor-barn relasjonen og om matrilineære slektningar, om nære ting, men der er også fjernare relasjonar, uttrykt gjennom termen «pusiaki» og der det også skal flyte hjelp og assistanse. Barn for eksempel kan setjast ut til fjernare slektningar, noko som skaper relasjonar, og Perminow observerer at ein liknande type forståelse no er i ferd med å verte nytta også for relasjonar til migrantane i New Zealand, men denne relasjonen er også fylt med friksjon der migrantane ikkje er viljuge til å følgje opp alle ønsker heimanfrå som går på heimsending av ulike former for bidrag og støtte. Men relasjonen er der, og born kan verte sende heim for å få del i den lokale verda med språk og sosialitet for så å kome attende til New Zealand. Antropologen spør korleis denne typen relasjonar vil halde fram, og lar det stå igjen som eit opent spørsmål.

Jan Ketil Simonsen analyserer sosiale nettverk som strekker seg frå Nord-Zambia og til Lusaka. Gjennom klassifikatorisk slektskap, gjennom geografisk nærheit eller ei historie om bufelleskap i Nord-Zambia, så vert det vedlikehalde relasjonar mellom mambwe talande folk heime og rundt om i landet, som dei kan nytte på reisene sine. Her er det ikkje nødvendig at alle kjenner kvarandre, alle synest like velkomne. Slik kan folk aktualisere relasjonar som gjer det mogeleg for dei å vedlikehalde sin mobilitet. Simonsen presenterer detaljerte oversikter over ei gruppe klassifikatoriske brødre, der det vert tydeleg korleis dette systemet av plassar for overnatting og opphald fremmer handelsaktivitet, fremmer muligheter for skulegang og ellers fremmer besøk rundt om i Zambia, men poenget med dei klassifikatoriske brødrene er at det ikkje berre er nære slektsrelasjonar som er involvert. Tvert om så kjenner ikkje alle brødrene kvarandre godt, men dei er relatert gjennom lokalitet og andre typer relasjonar som vert forstått som like viktige som slektskap.

Simonsen knyter si analyse på ein interessant måte attende til Manchesterskulen og dei slektskaps og etniske studier dei foretok på 50, 60 og 70-talet. Her finn ein begrep som sosiale nettverk der slektsrelasjonar opna for tilpassing til liv i byane i Copperbelt. Artikkelen viser korleis klassifikatoriske slektstermer opna for inklusjon av ei rekke personar som kunne framstå som slektningar, noko som auka fleksibiliteten i eit system som hadde adaptive effektar. Men systemet er ikkje lenger eit system av to klare delar, ein urban og ein rural. Det er no eitt system av generell mobilitet der relasjonar er fleksible og opnar opp for inkludering av stadig nye typar menneske som står i ein eller annan relasjon til den eller dei som har hus ein kan nytte seg av på sine reiser. Igjen framstår lokal kultur som ein viktig komponent i eit mobilitetssystem.

Gjennom desse interessante bidraga er det enkelt å vere einig med redaktørane som påstår at dei gjev oss ein betre forståelse av mobilitet som fenomen. Breidden i bidraga syner oss at mobilitet er ein fundamental del av menneskeleg tilpassing og utvikling, og er kan hende meir fundamental for kva retning me som menneske har utvikla oss i, enn det at me slo oss ned i landsbyar og byar. Den engelske sosiologen John Urry har gjeve viktige bidrag til denne debatten, og han vil gjere mobilitet til ein fundamental del av det sosiale. Redaktørane ønsker å følgje hans råd, som eg også kan vere med på, men Urry understreka også at ein ikkje kunne vere mobile heile tida. Ein må stoppe opp av og til, nomaden i sin leir, pilgrimen i sine lokale stoppestader på veg mot målet, flyktingen på veg mot asyl. Av og til er slike stoppestader noko gruppa organiserer sjølv, og gjer relasjonen mellom mobilitet og stadfastheit spesiell innanfor gruppa. Eller, slike stader er knytte til bufaste samfunn, og utgjer ein relasjon mellom mobile og bufaste samfunn der me kan sjå både

vennskap og samarbeid, konflikt og vold. Igjen, redaktørane meiner «regimes of mobility» vil fange alt dette, også det faktum at relasjonen mellom dei bufaste og dei mobile kan vere både fredsfylt og voldeleg, og at dette kan variere over tid og i ulike kontekstar.

Er mobilitet grunnleggande menneskeleg, då må der også vere mobilitet innan stadfaste samfunn, der me i våre eigne liv opplever at me beveger oss mellom plassar, mellom menneske og mellom opplevingar og erfaringar, og der denne fundamentale opplevinga av bevegelse er viktig for oss alle, ikkje berre for dei som er i fysisk bevegelse mellom stader. Epilogen til Nigel Rapport påpeiker dette og bringer oss eit separat eksempel frå sitt eige arbeid ved Constance Hospital, Easterneuk, som illustrerer poenget. Presentasjonen hans av sjukehusportøren Roger Weir som reflekterer over sine erfaringar frå jobben, frå puben, frå bandet, og frå livet i sin almennelighet, viser akkurat korleis mobilitet handlar om det grunnleggande menneskelege. Det same inntrykket får eg av å lese denne boka.